

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
16. 05. 2017	
Ark. saksnr. 14/3897.	Løpenr.
Saksh. KIATDI.	Tilgangskode

LITLESKARE 12.05-17

Sak: Kommunal veg Litleskare-Skarsvåg

Sakshandsamar: Atle Dingen

Viser til samtale på dykkar kontor onsdag 10.05-17 og stadfester med dette følgjande:

I møtoreferat av 12.05.87 (sign. K. Jordal) står det i punkt 3. «...grunnavståing gjerde:- - -samt kr 50,- pr l. m nødvendig gjerde mot jordbruksareal for å få bort retten/ plikta til å holde grind på kommunal veg. Det kom ikkje merknader til dette i møtet»

Når kommunen kunne møta med «ferdigsydd» forslag med «kr 50,- pr l.m nødvendig gjerde» er grunnlaget følgjande:

Etter mykje om og men, mellom anna eit skriv frå innbyggjarane på Litleskare, datert 15.11.86, var formannskapet på synfaring (sein vinter -87), leia av A. Risøy (ordførar J. Vike var på ferie). Etter sjølvsyn og orientering frå oss, var dei samde om at vegen måtte utbetrast og utvidast og at grindane som då var på plass og i bruk, måtte bytast ut med ferister +omkøyringsveg med grind, eller gjerde med nødvendige grindar langs vegen. Om grunneigarane sjølve skulle setja opp gjerde, måtte kommunen dekkja alle kostnader med arbeid og materialar og ein eingongssum for framtidig vedlikehald.

Ei tid etter (ei til to veker) vart eg kontakta av J. Vike som sjølv ville sjå seg om på staden. Etter at dei ulike tema var gjennomgått, sa J. Vike seg samd med det formannskapet ytra på si synfaring. Han avslutta med at kommunen ikkje kunne finna ei betre løysing enn at grunneigarane sjølve hadde ansvar for gjerde, då på dei vilkår som er nemn ovanfor.

Om referat frå desse synfaringane fins i interne kommunale arkiv, eller om haldningane var overført munnleg til administrasjonen, veit ikkje eg.

Venleg helsing

Johan Litleskare

Johan Litleskare